

Notat

- Frå:** Ingebjørg Erikstad, prosjektansvarleg og Siri Ingvaldsen, prosjektleiar
- Til:** Administrativ styringsgruppe – regional plan for kultur
- Kopi til:** Intern arbeidsgruppe – regional plan for kultur

Regional plan for kultur, framlegg til plantema, revidert etter tilbakemeldingar frå administrativ styringsgruppe, 04.07.17

Framlegg til plantema i regional plan for kultur, etter diskusjonen i administrativ styringsgruppe 20.06.17, drøftingar i intern arbeidsgruppe og tilbakemeldingar frå medlemmer i administrativ styringsgruppe per 04.07.17:

Hovudoverskrifta for planarbeidet er *kultur for alle*. Alle skal ha reell moglegheit til å delta i og bidra til kulturaktivitetar og arbeid på kulturfeltet, og alle skal ha tilgang til kulturopplevingar av høg kvalitet.

Overordna mål for kulturplanen er *gode lokalsamfunn*, det gode liv i og mellom husa, og *utvikling av regionale/nasjonale/internasjonale kraftsenter/fyrtårn*.

OVERORDNA MÅL**Gode lokalsamfunn**

Stikkord:

- Kultur for alle
- Kulturell infrastruktur
- Oppvekst og aldring

Regionale/nasjonale/internasjonale kraftsenter/fyrtårn

- Utvikle vidare kulturinstitusjonar/organisasjonar/festivalar på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå i fylket og arbeide for å få etablert nye

HOVUDTEMA

Vi vil arbeide med utgangspunkt i to hovudtema, *kulturelle ressursar og verdiskaping, og deltaking og oppleving*. Under hovudområda vil vi måtte kome inn på ei rekkje undertema. Vi listar opp nokre av desse som stikkord i oversikta under. Stikkordlista er ikkje meint som ein disposisjon for planen. Det vil truleg verte nødvendig å sjå på fleire av punkta under begge hovudområda, og vi må kome tilbake til om punkta vil plassere seg inn som eigne temaområde, gjennomgripande perspektiv, strategiar eller tiltak. Dei to hovudtemaa vil liggje i botnen under utarbeiding av planprogrammet, men spørsmålet om korleis vi skal utforme sjølve dokumentet vil vi måtte ta stilling til undervegs i prosessen.

Kulturelle ressursar og verdiskaping

Stikkord:

- Identitet og attraktivitet
- Frivilligheit og samspelet mellom profesjonelle og frivillig sektor
- Profesjonell kultur
- Kulturarv
- Det frie feltet og samspelet mellom det offentlege og private aktørar
- Opplevingsnæringar
- Kulturbasert næringsutvikling

Deltaking og oppleving

Stikkord:

- Mangfald og integrering
- Den kulturelle grunnmuren
- Ytringskulturen
- Frivillighet
- Møteplassar
- Faglege nettverk
- Kultur og helse